



Årsmelding for Osterøy Idrottslag 2010

Vedteke på årsmøtet i Osterøy Idrottslag 14. mars 2011

Innholdsliste

Hovudstyret.....	3
Gruppestyra i 2010	3
Andre nemnder og komitear	3
Osterøy Idrottslag i 2010.....	4
Organisasjon	5
Økonomi	5
Årsmelding Friidrettsgruppa	6
Årsmelding Turngruppa.....	8
Årsmelding Skigruppa.....	10
Årsmelding Handballgruppa.....	13
Årsmelding Fotballgruppa	15
Årsmelding Spretten.....	16

Hovudstyret

Styret i OIL for 2010.

Leiar	:	Ragnhild Balsvik	10
Nestleiar	:	Lisbeth Neu	10
Kontroller	:	Geir Kleppe	10
Sekretær	:	Eystein Markmannrud	10/11
Styremedlem	:	John Erik Jørgensen	10/11
Styremedlem	:	Åse Bergheim	10/11
Styremedlem	:	Øyvind Litland	10/11
Styremedlem	:	Randi Vevle	10/11
Styremedlem	:	Albert Slettebakken	10/11
Revisor	:	Bjarte Lohne	10
		Laila Borge	10
		Svein Lohne	10

1)

Valnemnd	:	Bjarte Vik	10 ny leiar
		Sylvia Norløff	10 nytt medlem
		Siri Tysse	10 nytt medlem
		Vara: Albert Slettebakken	10 nytt medlem

- 1) Styret fekk fullmakt til å utpeika representantar til ting og møter i organisasjonar idrettslaget er tilslutta, samt å utpeike valnemnd i god tid før neste årsmøte.

Dagleg leiar: Tore Langeland

Gruppestyra i 2010.

GRUPPE	LEIAR	KASSERAR	SEKRETÆR
Fotball	Eirik Bergan	Tore Langeland	Roald Martinsen
Friidrett	Åse Bergheim	Ole Johannes Mjøs	Annette Bru
Ski	Øyvind Litland	Bernt J Flæsland	Øyvind Litland
Turn	Målfrid Lone	Elin Bergan	Annikе Solberg
Handball	Lars-Erik Haga	Hildegunn Mjøs	Søgni Evy Skår
"Spretten"	Åshill Fredriksen	Nina Fjellskålnes	Åshill Fredriksen

Andre nemnder og komitear.

Idrettsmerkeutval:	Friidrettsgruppa
Premiesamling:	Vidar Simmenes og Svein Lohne
Husstyret:	Kjellaug Hartveit og Tore Langeland
Drift- og vedlikehaldsnemnd for Osterøy Stadion:	Tore Langeland (leiar), Olav Sturle Lone, Inge J. Reigstad og fam. Terje Mjøs

Osterøy Idrottslag i 2010

Osterøy Idrottslag har hatt 683 medlem i 2010, ein liten nedgang frå 2009. 2010 var det 92. driftsåret for OIL. Aktiviteten i laget har vore fordelt på 5 aktive grupper og Spretten.

Styret har hatt 14 styremøte og to fellesmøte med gruppestyra sidan årsmøtet 8. mars 2010. Styret handsama 63 saker i 2010. I tillegg vart det heldt omframt årsmøte for å vedta ein økonomiplan i samband med kunstgrasbana. Styret la fram framlegg om a) opptak av lån inntil kr 4 500 000,- til fullfinansiering av kunstgrasbana ved Osterøy Stadion, og b) fordeling av årlege kostnader for lån kr 4 500 000,- ved at kr 160 000,- blir dekt av leigeavtalen med Osterøy kommune og at resten blir dekt av OIL og gruppene etter fylgjande fordelingsnøkkel: Hovudkassen 20%, fotballgruppa 50%, friidrettsgruppa 20%, turngruppa 5%, handballgruppa 5%. Framlegget vart einstemming vedteke.

Av saker som styret har arbeidd med kan nemnast:

- Refinansiering av restkostnadene ved utbygging av kunstgrasbana. På omframt årsmøte i mai 2010 fekk styret fullmakt til låneopptak på inntil 4,5 mill kr for å refinansiere eksisterande lån og dekkje kostnad til bygging av tribune. Lånet vart teke i Nordea fordi SpVest ikkje kunne gje eit konkurransedyktig tilbod. OIL fekk kommunal garanti for lånet. I tillegg løyvde kommune kr 240 000 kr til kunstgrasbana i 2010 som skulle dekkje Osterøy Aktiv sin del av det opphavlege sprengingsarbeidet. Kommunen løyve også kr 250 000 for 2011, med framlegg om tilsvarande beløp for 2012, til dekning av ekstra sprenging i 2008 på området for framtidig utviding av Osterøyhallen.
- Kommunen er kontakta for å få kartforretning slik at vi kan få skøyte og oppgjort kjøp av tomta for kunstgrasbana frå Magne Skistad.
- Kommunen er kontakta for å få ein avtale som gir OIL høve til å byggje tribune på taket av Osterøy Aktiv sitt lagerbygg ved Osterøyhallen. OIL har fått utkast til slik avtale.
- Momsregistrering av fotballgruppa, samt framlegg til leigekontrakt mellom fotballgruppa og kunstgrasbana. OIL har i dette arbeidet fått hjelp av Morten Fotland som har god greie på momsspørsmål.
- OIL melde seg ut av basketballforbundet etter mange år utan aktivitet.
- Driftsavtale med Osterøy Aktiv om drift og vedlikehald av kunstgrasbana.
- Arbeid med rutinehandbok. Styret har revidert eksisterande rutinar og laga fleire nye. Desse er fortløpande blitt lagde ut på nettsida til hovudlaget.
- Fotovegg nede i gangen på klubbhuset som syner aktiviteten i gruppene.
- Opprydding i premiesamlinga i klubbhuset, der det meste av premiar vart overført til Osterøy museum for registrering og lagring.
- Intranett- og medlemskommunikasjonsløyving levert av Abile er på plass, og klar til bruk mars 2011.
- Første delfinansiering til o-kart over Lonevågsområdet er motteken frå kommunale kulturmidlar med kr 12 000.

- Representantar frå hovudstyret har delteke på idrettskretsen sitt utviklingsseminar for fleiridrettslag. Tema var: frivillighet, leiing, økonomi, rekneskap, anlegg og vintervedlikehald av kunstgrasbana. I tillegg var det veldig nyttig erfaringsutveksling med andre fleiridrettslag.
- Styret har vedteke at OIL skal vere Reint idrettslag. Eit møte om Antidoping med Jan De Lange frå Idrettskretsen vart avlyst i siste liten pga. sjukdom. OIL er no registrert som reint idrettslag.
- Styret har arbeidd med å utarbeide tekst til skilt som skal setjast opp ved gras/løpebana og kunstgrasbana for å liste opp bruksreglar for anlegga.

Organisasjon.

Hovudstyret har i 2010 bestått av leiar, nestleiar, kontrollar, skrivar og eitt styremedlem frå kvar av gruppene(bortsett frå Spretten) – i alt 9. Dette er første året med eit stort styre, og dette har fungert bra.

Dagleg leiar møter fast på styremøte.

Økonomi.

Styret i OIL fekk av omframt årsmøte 26.05.2010 fullmakt til å ta opp lån inntil kr 4 500 000,- og avtale lånevilkåra, m.a. nedbetalingstid maksimalt 20 år. Lånet vart nytta til refinansiering av OIL sine 2 lån i Sparebanken Vest kr 2 000 000,- og ca. kr 1 800 000,-. I tillegg skal lånet finansiere tomtekjøp og ferdiggjering av kunstgrasanlegget med tribune. Det vart søkt på nytt for tre spelemiddelprosjekt for 2010:

- 1) Klubbhus, 2) Vatningsanlegg 3) lysanlegg Osterøy stadion.

Av desse fekk OIL utbetalt kr. 330.000,- for klubbhuset.

Sponsoravtalen med Sparebanken Vest gav i 2010 kr. 25.000,-. OIL fekk ikkje midlar frå SpVests fond for allmennnyttige formål i 2010, både i 2009 og 2008 fekk me kr 75 000 kr. Banken hadde pga finanskrisa mindre midlar enn vanleg å dela ut. Styret lukkast ikkje med å få ein ny hovudsponsoravtale med Sparebanken Vest frå og med 2011. Eksisterande sponsoravtale gjekk ut i 2010. SpVest sitt krav for å vere hovudsponsor var m.a. å vere synleg på alle drakter i OIL, samt at ingen grupper kunne ha avtaler med andre bankar eller finansinstitusjonar. Dette ville leggje bindingar på gruppene sine moglegheiter til andre sponsorinntekter. Styret har jobba med å få på plass ny hovudsponsor utan å lykkast. OIL har fått kr. 56.129,- i momskompensasjon etter den nye ordninga i 2010.

Mva.registrering av fotballgruppa fordi dei kom over inntektsgrensa på kr. 140.000,-

Gruppene

Kort samandrag av årsmeldingane følgjer på dei neste sidene.

Oppsummering frå friidrettssesongen 2010.

Styret for 2010 har vore:

Leiar: Åse Bergheim

Nestleiar/sportsleg leiar: Mats Eirik Elvik

Kasserar: Ole Johannes Mjøs

Skrivar: Annette Bru

Oppmann gutar/jenter: Sonja Loftås

Oppmann junior/senior: Bjarte Lohne

Vararepr. 1: Jørn Vad

Vararepr. 2: Kjetil Stokke

Utanfor styret/ikkje møteplikt:

Arrangementsansvarleg: Karl Johan Reigstad

Medlemstal:

Pr. 01.01.2011 har gruppa 235 betalende medlemmar (222 i 2010).

Administrasjon:

Styret har i driftsåret 2010 hatt 8 styremøte og handsama rundt 60 saker på desse møta. Typiske saker har vore: Stemner/arrangement, trening/ samlingar, samt økonomi. Alle møta har blitt halden i klubbhuset på Hatland.

NCC-lekene 2010:

Det vart i løpet av 2010 lagt ned eit stort arbeid med arrangementet NCC-lekene slik som i 2009 – ein kretskamp mellom Sogn & Fjordane, Hordaland, Rogaland og Agder med rundt 200 deltakarar. Det var nok eit år med stor suksess og mange lovord frå krets og forbund, noko me skal vera svært stolte over. Over 100 funksjonærar var delaktige på ein eller annan måte frå tidleg fredag til seint søndag. Dette arrangementet er sjølve bærebjelken i økonomien til friidrettsgruppa.

Arrangement:

Til saman har friidrettsgruppa hatt 56 arrangement (48 i 2009). Dette omfamnar alt frå karusellstevne på Osterøy stadion (11 stk.) til Osterøybruløpet og Brakvatne halvmaraton. I tillegg 13 løp med Valestrandsmarka rundt og 10 løp med Haustrimmen.

Ansvarlege for dei ulike arrangement, dommarar, tidtakarar, startarar, andre funksjonærar og mange medhjelparar har gjort ein framifrå innsats.

Sportsleg:

Friidrettsgruppa har hatt eit godt sportsleg år med mange medaljar i store stevne som UM og junior NM, samt norsk meister i halvmaraton. Gull i Junior NM på 1000 meter stafett og Hilde Aasheim sitt gull på halvmaraton var nok dei største oppturane i løpet av sesongen. Me ser ei utruleg breidde med eit godt trenarteam i gruppa som mange klubbar kan misunna oss. Me ser at det yrar blant dei små også og at framtida ser lovande ut om desse fortset i åra som kjem. Eit godt representativt bilete på friidrettsgruppa, har ein på måndagstreningane på bana og i hallen, der det er om lag 100 store og små tilstades. Gruppa har vakse med nokre medlemmar og me har nok rekruttert nokon gjennom både skulestevne, "Friidrett i skulen" prosjektet til Helga Reigstad og gjennom friluftsløiren. Arbeidet med å rekruttera til gruppa er både ei utfordring og ein takksam jobb å gjera!

Økonomi:

Grappa har klart seg nokolunde bra økonomisk i år også trass i at det vart eit underskot på om lag 67 000 kr. Hovedinntektskjelda er NCC lekene med eit overskot på om lag 140 000 kr. Dette er ca 20 000 kr. mindre enn fjortårets arrangement. Likevel eit kjempegodt resultat. Me ser at gruppa vert meir og meir "sårbar" om me ikkje har dei store stevna og sponsorane på plass. Det som har gjort utslaget på kostnad-sida i år er lån til Fugledalen, noko som utgjorde om lag 35 000 kr. samt investering i eit felles intranett, ein kostnad på om lag 34 000 kr. Dette var kostnadar som kom i etterkant av budsjettet som vart godkjent på årsmøtet. Dette er to av hovudgrunnane til det negative resultatet. Elles holdt me budsjettet på dei aller fleste postane.

Styret takkar alle som har gjort ein innsats for gruppa i året som har gått og ynskjer Dykk lukke til med neste sesong!

Lonevåg 20.februar 2011

Åse Bergheim

Leiar

Årsmelding for Turngruppa OIL 2010

Styret 2010:

Leiar: Målfrid Lone	På val i 2011
Nestleiar: Randi Vevle	På val i 2012
Kasserar: Elin Bergan	På val i 2012
Skrivar: Annike R. Solberg	På val i 2011
Styremedlem 1: Solgunn S. Presttun	På val i 2011
Styremedlem 2: Anette Hopsdal	På val i 2011
Styremedlem 3: Elisabeth Tømt Kalberg	På val i 2012
Styremedlem 4: Kate Kollvangsnes	På val i 2012
Styremedlem 5: Michelle Hauge	På val i 2011

Følgjande parti har vore i gong:

5-6 år, 7-9 år, 10-13 år, 14 år+. Alle partia har trena i Osterøyhallen.

Medlemstala hausten 2010: barn, 16 vaksne.

SALTO-helg arrangert av Turngruppa 25. – 27. september:

Totalt var det 44 gymnastar:

Åsane: 3 gymnastar + 2 trenarar

Tertnes: 1 + 1

Sotra: 2 + 2

Sogndal: 16 + 2

Osterøy: 13 + 2

SALTO= Sosialt, Allsidig, Lek, Turn, Oppvisning.

SALTO- helga er eit arrangement for ungdommar mellom 13 og 18 år. Helga er meint å vera ei helg med mykje aktivitet, både turn og annan aktivitet, for at ungdommane skal ha det kjekt, læra nye ting, og bli betre kjend med gymnastar frå andre lag. I anledninga lånte me Lonevåg skule som overnattingsstad for gymnastane. Me serverte middag/kvelds fredag, frukost, lunsj og middag/kvelds laurdag, og frukost søndag. Det var trening i Osterøyhallen fredag, laurdag og søndag med både lokale og innleidde trenarar. Laurdag kveld arrangerte me diskotek i aulaen på Osterøy Ungdomsskule der *alle* ungdommar mellom 12 og 17 år var velkomne. Det kom ca 200 ungdommar som dansa og koste seg og kvelden var ein suksess. Sjølve SALTO-arrangementet var også vellukka og kjekt, men det ville sjølvsagt vore ein fordel om det var fleire deltakarar.

Anleggssituasjon:

Me har ikkje hatt økonomi til å investera i nytt utstyr i år. At me også hallen manglar ledig lagringskapasitet er eit stort minus for oss. Me har så dyrt utstyr at me må vera sikker på at det står trygt. Me har måtta sagt ifrå oss ein del treningstid i hallen, det er me veldig skuffa over.

Økonomi:

Turngruppa har dei siste åra hatt ein grei økonomi, men det er lite rom for utviding og fornying. Etter at me denne sesongen fekk stor auke i utgiftene våre pga av felles gjeld i

hovudlaget, har den økonomiske situasjonen vår forverra seg mykje. Me har pr i dag ikkje nok inntekter til å dekkja alle utgiftene våre, og me er heilt avhengig av at me klarer å henta inn meir pengar anten gjennom sponsorar eller større inntektsgivande arrangement. Fortsett me med det inntektsnivået me har pr i dag, har me berre nokre år igjen før kassen er tom. Dette gjer at me er veldig sårbare og heilt avhengig av at me klarar henta inn midlar utafrå. Ein av konsekvensane til no er at me har måtta kutta ut to av tilboda våre slik at me kan redusera kostnadane våre til halleleige. Etter styret si meining er dette steg i feil retning og vil nok slett ikkje vera noko positiv utvikling for Turngruppa. Økonomien tar altfor mykje fokus vekk frå det me eigentleg skal driva med, som er gymnastikk og turn for barn og unge. Det er også eit veldig sterkt ønske frå mange i turngruppa om å kjøpe airtrack, pga av økonomien er dette pr dags dato ikkje mulig å få til, men vil vera ei t satsingsområde til neste år. Me er også avhengig av å veldig raskt kunna gå til innkjøp av pegasus, som er heilt nødvendig for å fortsetta å konkurrera. Dette blir to veldig store økonomiske løft for oss, men heilt nødvendige for turngruppa, skal den forsetta å eksistera som i dag.

Framtidsplanar:

Me ser at medlemstala ikkje går oppover, det går heller i motsatt retning. Dette er noko me ønskjer å gjere noko med. Kanskje bør me reklamera meir for oss sjølve, og la folk få sjå kva me faktisk driv med. Det er få, utanom gymnastane sjølv og deira foreldre, som veit kva turn eigentleg går ut på. Me er også avhengig av å få inn nok medlemskontingent for å kunna driva Turngruppa.

Me vurderar å investera i lufttumbling, det er enno usikkert når dette blir. Det som er avgjerande er når me kan få økonomien til å strekka til. Me har planar om å prøva å få fleire sponsorar i samband med kjøpet, samt halda arrangement både for å reklamera for lufttumblinga, og for å få inn litt midlar. Grunnen til at me ønskjer lufttumbling er fordi det gjev gymnastane mange fleire mogleikar til å læra nye element. Me har også i tankane å starta opp eit nytt parti med fokus på freestyle o.l. der lufttumblinga er eit supert apparat. Det har litt påverknad på kjøpet at det framleis er trøngt om plassen til utstyret vårt.

Trenarsituasjonen var eitt av punkta me bestemte oss for å jobba med gjennom året som har gått. Me ser at det er vanskeleg å få in nye, kvalifiserte trenarar, samstundes som det er vanskeleg å motivera dei trenarane me allereie har. Dette må me halde fram å jobba med i året som kjem.

Det har vore 7 styremøte i året som har gått, og det har vore behandla 22? Saker.

Årsmøte i år: 23. februar 2011

Referent - Annike Røisæth Solberg

OSTERØY IDROTTLAG, SKIGRUPPA, ÅRSMELDING 2010

Med i styret 2010

Øyvind Litland	leiar	valgt for	2010
Bernt Johan Flæsland	kasserar	valgt for	2009/2010
Øivind Aasheim	styremedlem	valgt for	2009/2010
Arvid Rolland	styremedlem	valgt for	2010/2011
Torstein Mjelde	styremedlem	valgt for	2010/2011
Johnny Mostrau	styremedlem	valgt for	2009/2010
Bjørge Braathen Reigstad	styremedlem	valgt for	2009/2010
Kari Hestnes	varamedlem	valgt for	2010

Styret har hatt 4 møter og handsama 22 saker.

REKRUTTERING

Skigruppa har no 130 medlemmar. Det har vore skipa fleire samlingar frå september til desember. Med rulleskisamling i Vik i Sogn og fleire snøsamlingar på Geilo. Det har vore fellestrening 4 gonger i veka frå august.

Trenarar har vore Johnny Mostrau, Øyvind Litland og Ingvild Mjelde som ny trenar for dei aller yngste.

Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland har vore faste smørjarar på alle renn me hatt deltakarar med, både lokalt og nasjonalt.

RESULTAT

Me har deltakarar i alle renn som vert skipa til i Hordaland Skikrins. Vidare har me delteke i Vestlandsmesterskapet, Norges Cup for junior, Norgesmeisterskap for junior, Hovudlandsrennet for 15 og 16 åringar og Ungdomens Holmenkollrenn for 13 og 14 åringar.

Løparane våre har hatt den beste sesongen nokon gong vedk. resultat på nasjonalt og krets nivå.

Osterøy er framleis den klubben i Hordaland med flest løparar i snitt pr. renn.

DELTA KING I STØRRE RENN

Me har hatt løparar på Norges Cup renn på Hovden der Emil Hosøy hadde det beste resultatet med ein 43 pl i fristil med Eirik Mjelde hakk i hel på 46 pl i jun 18 år. Lars Braathen Reigstad vart nr 115 i jun 19/20 år fristil. Ola Braathen Reigstad vart nr 119 i jun 17 år fristil. Dei gjkk også klassisk og sprint på Hovden.

Under Norgesmeisterskapet i Stryn fekk dei fylgjande plasseringar: Klassisk Ola i jun 17 år nr 160. Eirik jun 18 år nr 79. Emil jun 18 år nr 82. Lars jun 18/19 år nr 122. Fristil: Eirik nr 48. Emil nr 85. Ola nr 136. Lars nr 130.

I Stryn under Vestlandsmesterskapet i sprint vart Lars vestlandsmester i sprint G 19/20 år. Sigurd nr 2 i G 14 år. Ola nr 3 i G 17 år og Emil nr 3 i G 18. Det er vel heller sjelden at 3 brødre tar 3 medaljer i eit mesterskap av denne storleik. Godt gjort.

Under Hovedlandsrennet på Nes vart Øyvind Brakvatne Mjelde nr 87 i G 15 klassisk og Magnus Bru Reigstad nr 116 G 16 . På sprinten vart Øyvind nr 102 og Magnus nr 173. På ungdomens Holmenkollrenn vart Sigurd Braathen Reigstad best av våre med sterke resultat: nr 32 i fristil og 55 i klassisk. Johannes Nonås Langhelle nr 120 i fristil og 86 i klassisk. Henrik Hestnes nr 121 i fristil og 145 i klassisk.

Vidare nemner ein dei som fekk pallplass under KM. Dei andre er ikkje gløymd.

Sigurd G14 nr 2 fristil nr 1 i klassisk og nr 1 i sprint

Johannes G14 nr 2 i klassisk

Øyvind G15 nr 3 i sprint og nr 2 klassisk

Emil jun 18 år nr 3 sprint og nr 3 klassisk

Eirik jun 18 år nr 2 sprint nr 1 i klassisk og nr 3 i fristil.

I KM stafett fekk me fylgjande resultat:

Gutar junior: nr 2 med Eirik ,Emil og Lars

Gutar 13 – 16 år: Nr 3 med: Magnus, Øyvind og Sigurd

Totalt 13 medaljer.

Totalt, med dei andre kretsrenna, har aldri Osterøy IL Skigruppa sankt så mange pallplassar på ein sesong.

LYSLØYPECUPEN

Sesongen var den beste snøvinteren på lang tid. Snøen låg i 3 månader, med stort sett berre "blåføre". Me greide å skipa til 10 stk cuprenn med totalt 201 personar innom. Mesteparten av dette er born frå 5-12 år. Dette er særdeles verdifullt for rekruteringa.

LYSLØYPA/SKIHYTTA

Stort sett all barmarkstrening føregår i eller frå lysløypa. Rulleskitrening går i all hovudsak frå Kvisti og i nærmiljøet til den einskilde løpar. Eller varierer me fjellturane så godt det lar seg gjera.

Alle styremøter og andre møter vert halde i skihytta. Dette året er hytta rusta opp.

Nypanelert og fin med nytt elektisk ledningsnett.

Det er utført vedlikehaldsarbeid i trå med behovet og løypa er tilnærma ferdig grusa på myra.

Nytt i år er den nye gapahukken som er laga på skistadion. Gapahukken er ca 30 m2 og byggd av tømmer som er sagd av skog som vart rydda i traseen. Byggd på dugnad av utruleg flinke ungdomar med mange voksne sjefar.

Det vart investert i ein ny fres i 2011. På folkemunne kalla Skjeldalsfresen.

All preparering syter no Frank Skjerping for, med den nye Skjeldalsfresen. Dette utfører han på ein svært god måte.

Me skipa også til et smør/gliding kurs i haust med Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland som kurshaldarar med god deltaking.

INNTEKTER

Inntektene er som vanleg dei siste åra frå dugnadsarbeid, skiltreklame, og nytt i år ein basar som ga eit veldig godt bidrag.

Skigruppa fekk også i år ei tildeling frå Idrettsrådet i Osterøy til vedlikehaldoppgåver. Desse midlane er nytta til det dei er søkt til og er svært verdifulle for oss.

SLUTTORD

Skigruppa vil med dette takka grunneigarane, sponsorar og andre samarbeidspartnarar for eit svært godt samarbeid i 2010. Dette medfører at me kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon heile året eit godt produkt og tilbod.

Skigruppa vil så lang råd er leggja til rette for å utvikla, byggja ut og vedlikehalda lysløypeområdet i samrbeid med grunneigarane til beste for alle.

Osterøy IL, Skigruppa

Rolland 24.02.2011

Øyvind Litland

Årsmelding Osterøy IL Håndballgruppa 2010

Lonevåg 21.2.2011

Styret for 2010 har bestått av

Leiar:	Lars-Erik Haga
Nestleiar:	Albert Slettebakken
Kasserar:	Hildegunn Mjøs
Skrivar:	Søgni Evy Skår
Styremedlem	Barbro Lillejord
Styremedlem:	Heine Tjoflot
Styremedlem:	Tove Bratland

Valnemnd

Handballgruppa har ikkje hatt eigen valnemnd på ei stund. Me har delvis lukkast med å få opp å gå ei valnemnd, Merethe Engstrøm og Ingrid Tveiterås har fungert fram til årets årsmøte.

Administrasjon

Styret har i driftsåret 2010 stort sett gjennomført eit styremøte kvar måned (med unntak av feriemnd.)

Medlemstal

OiL Handball er dessverre framleis i nedgang, og har etter siste telling 88 medlemar.

Deltaking i cupar

I tillegg til seriespel, har dei fleste laga delteke på cupar: Ål Cup, Voss Cup, Julecup og felles tur til Førde der J10, J11, J13, J14 og J 15 var med i Førde Cup.

Trenarar

I løpet av 2010 har vi hatt disse trenarane: Kjell Gjøstein, Åshill Fredriksen, Veronika Birkeland, Kjersti Kleppe, Hege Kallekleiv Nilsen, Johannes Tveiterås, Elin Kleppe, Frida R. Jacobsen, Sigrid Borge og Susann Torgersen. Det er framleis store utfordringar med å skaffa nye trenarar. Me gjennomførte i august eit trenarkurs i Osteøyhallen. Vonar dette vil gje positivt resultat etter kvart.

Dommarar

Me har i år fått oss klubbdommarar. I februar gjennomførte me eit dommarkurs i forkant av HaFo 2010. Desse har gjort ein framifrå innsats for klubben så langt.

Serien

Denne sesongen har me fem lag med i serien. Det er J9, J10, J11, J13, J14 og J15. Me har i 2010 dessverre ikkje hatt aktivt gutelag.

Osterøyhallen – kampavvikling

Kampavviklinga i hallen går greit. Hausten 2010 har me forsøkt å fordela ansvaret på fleire av foreldra. No har me i alle laga ein Ansvarskontakt, ein Fair Play vert og ein Foreldrekontakt, som alle har gjort ein god jobb med å gjennomføra og skaffa foreldre til arrangementa, og

foreldre har vore flinke til å stilla opp. Me kan nemna spesielt HaFo-turneringa og miniturneringa som ble avvikla på ein god måte.

Dommar – Fair Play- prosjekt

Klubben vår fekk som einaste i Hordaland, vera med på eit prosjekt som skal leia oss fram til å engasjera fleire i klubben vår. Me kom i gang våren 2010, men det stogga litt opp i haust. Me vonar at prosjektet vert fullført i løpet av våren 2011.

Handballeiarkurs

Albert Slettebakken, Sogni Evy Skår og Lars-Erik Haga deltok i mai på handballeiarkurs i Bergen. Der fekk ein mykje inspirasjon til styrearbeidet.

Styret vil takka alle som har vore med å utføra små og store oppgåver for handballgruppa i året som har gått.

Med helsing



Lars-Erik Haga

Leiar

OIL Handball

Samandrag, årsmelding 2010 OIL, Fotballgruppa

Styret har i 2010 bestått av:

Eirik Bergan	Leiar	Stein Roar Evensen	Leiar Sportsnemnd
Helge Kollvangsnes	Nestleiar	Mette Hannisdal	Leiar økonominemnd
Roald Martinsen	Kasserar / Skrivar	Jørn Fjellskålnes	Materialforvaltning
Tore Langeland	Kasserar	Kristin Bergan	Valnemnd
Ivar Solberg	Leiar Sponsornemnd	John Erik Jørgensen	Arrangement

Medlemstalet for gruppa har vore 273 dette året og dei aktive medlemene var fordelt på 20 lag. I tillegg til seriespel har dei forskjellige laga deltatt på ulike cupar.

Året 2010 ble eit godt år sportslig sett, med gode presentasjonar av aldersbestemte lag i alle aldersgrupper. Det er godt og sjå at den store jobben som er lagt ned i aldersbestemt fotball gir resultat, og at investeringa med ny kunstgrasbane ikkje var forgjeves. Kapasiteten på den nye bana har våre stor, mest gjennom organisert trening, men bana er også mye brukt av barn og ungdom i egen regi. Kunstgrasbana i Fugledalen er blitt et samlingspunkt for barn og ungdom i Lonevåg.

A-laget kom på 5. plass i 5 divisjon, men det er tydelig at det unge laget har masse på gang.

Fotballgruppa har arrangert Osterøy Cup for 5'ar lag, Ribbecup, avslutning i hallen og lotteri. Me har gitt ut kampprogram på alle heimekampane til A-laget. Sportsnemnd med leiar Stein Evensen i spissen har atter et år gjort ein kjempe jobb. Jobben som her blir gjort skaper ein optimisme blant spelarar og trenara i alle alders grupper, det er mykje godt arbeid som er lagt ned i denne nemnda. Sjå vedlagt årsmelding frå sportsnemnda.

Økonominemnda med Mette Hannisdal i spissen har gjort ein god jobb med lotteri og kiosk-sal. Kiosken ved Fugledalen har våre open ved alle kampar, dette gir en god inntekt til klubben, og ikkje minst skaper det ein veldig fin og sosial ramme rundt alle kamper som blir spilt på Hatland.

I tillegg har økonominemnda hatt ansvar for sal av OIL overtrekksdrakter, det er etter kvart blitt mange blå Osterøydrakter og sjå. Draktene er vidare selde utan at påslag til klubben, målet var at spelarane skal få ein sterkare klubbfølelse gjennom like treningsdrakter.

Økonomi: Gruppa vil i 2010 få et overskot på ca 150.000.- noko me er veldig godt fornøgd med, men det var på høg tid etter fleire år med negativt resultat.

Overskotet skyldes gode sponsorinntekter, samt god kontroll med klubbens utgifter.

Ein stor takk til alle velvillige sponsorar, utan dykk ville vi ikkje klart og drive klubben på same nivå som vi gjør i dag.

Oppsummering: Som ei oppsummering vil eg sei at sesongen 2010 sett under eit har vore svært positiv. Tilgangen til ny bane i Fugledalen samt all frivillig innsats som er lagt ned gjennom året, har ført til at vi har klart og oppretthalde den positiviteten vi har fått i gruppa gjennom de siste årene.

En stor takk til alle som har deltatt i det arbeidet som er lagt ned i alle ledd.

Lonevåg 24.02.2011

Eirik Bergan, formann